

**RAPPORT**

2023

Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022:

Utvalde resultat basert på  
tilleggsspørsmåla i undersøkinga

# **Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022:**

## **Utvalde resultat basert på tilleggsspørsmåla i undersøkinga**

Marit Knapstad og Tony Leino

Utgitt av Folkehelseinstituttet  
Område for psykisk og fysisk helse  
Avdeling for helsefremmande arbeid  
02 2023

**Tittel:**

Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022: Utvalde resultat basert på tilleggsspørsmåla i undersøkinga

**Forfattarar:**

Marit Knapstad  
Tony Leino

**Oppdragsgivar:**

Vestland fylkeskommune

**Publikasjonstype:**

Notat

**Sitering:** Knapstad M, Leino T. " Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022: Utvalde resultat basert på tilleggsspørsmåla i undersøkinga". Notat 2023. Bergen: Folkehelseinstituttet, 2023.

## Innhald

<b>Innleiing</b>	<b>4</b>
<b>1 Metode</b>	<b>5</b>
1.1 Spørsmålsoversikt	5
1.1.1 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til fasilitetar og servicetilbod lokalt	5
1.1.2 Deltaking i organiserte og andre aktivitetar	5
1.1.3 Treningsbarrierar	6
1.1.4 Trivselsfaktorar	6
1.1.5 Reisevanar til arbeid/skule	6
1.1.6 Reisevanar til fritidsaktivitetar, offentlege tenester og kjøpesenter, og daglegvarer	7
1.2 Statistiske analysar	7
<b>2 Resultat</b>	<b>9</b>
2.1 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til fasilitetar og tenester lokalt	9
2.1.1 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til kulturtilbod	9
2.1.2 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til idrettstilbod	10
2.1.3 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til butikkar, serveringsstader og andre servicetilbod	11
2.1.4 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til offentleg transport	12
2.1.5 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til natur- og friluftsområde	13
2.1.6 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til kystlinje/strand eller sjø	14
2.2 Deltaking i organiserte og eigenorganiserte aktivitetar	15
2.2.1 Frivillig arbeid i organisasjon/klubb/foreining siste 12 månader	15
2.2.2 Årsaker til ikkje å delta i organiserte aktivitetar/frivillig arbeid	16
2.2.3 Årsaker til ikkje å delta i annan aktivitet	17
2.3 Treningsbarrierar	18
2.4 Trivselsfaktorar	19
2.5 Reisevanar	20
2.5.1 Arbeider eller studerer utanfor heimen	21
2.5.2 20 km eller meir til jobb eller studiestad	22
2.5.3 Bruk av bil til arbeid/studiestad	23
2.5.4 Bruk av offentleg transport til arbeid/studiestad	25
2.5.5 Bruk av sykkel til arbeid/studiestad	27
2.5.6 Gå til fots til arbeid/studiestad	29
2.5.7 Bruk av heimekontor/digital undervisning	31
2.5.8 Transportvanar på fritida	33

## Innleiing

Dette notatet er eit vedlegg til rapporten “Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022: Framgangsmåte og utvalde resultat”. Spørjeskjemaet som brukast i Folkehelseundersøkingane i fylka består av ein basismodul som er felles for alle fylka, og ein tilleggsmodul, der kvart fylke høve til å legge inn tilleggsspørsmål som er av spesiell interesse for det aktuelle fylket. I hovudrapporten blei det, i tillegg til å skildre bakgrunn, metode, gjennomføring av undersøkinga, presentert resultat basert på spørsmåla i basismodulen.

Inneverande notat viser deskriptive resultat frå tilleggsspørsmåla i undersøkinga. Notatet inneheld først ei kort skildring av spørsmåla det presenterast resultat for og metodisk framgangsmåte. Det visast til hovudrapporten for meir detaljerte skildringar av bakgrunn, metode og gjennomføring av Folkehelseundersøkinga<sup>1</sup>.

Notatet er laga av Folkehelseinstituttet på oppdrag frå Vestland fylkeskommune.

---

<sup>1</sup> <https://www.fhi.no/publ/2022/folkehelseundersokinga-i-vestland-2022--framgangsmate-og-utvalde-resultat/>

# 1 Metode

## 1.1 Spørsmålsoversikt

I Folkehelseundersøkinga i Vestland var det lagt til 22 tilleggsspørsmål utover den faste basismodulen, der sju var gitt til alle og 15 var mogelege oppfølgingsspørsmål. Sjå spørjeskjema<sup>2</sup> for oppsett av spørsmål.

### 1.1.1 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til fasilitetar og servicetilbod lokalt

Deltakarane blei spurde om korleis dei opplever tilgjenget på ulike typar fasilitetar og servicetilbod lokalt. Det blei spurt om tilgjenget på

- kulturtilbod (eksempelvis kino, bibliotek, kulturhus, konsertar, teater etc.)
- idrettstilbod( eksempelvis idrettshall, symjehall, treningscenter, ski/lys-løyper etc.)
- butikkar, serveringsstader og andre servicetilbod
- offentleg transport
- natur- og friluftsområde, inkludert parkar og andre grøntareal
- kystline/strand eller sjøen

Svarkategoriane var «Svært godt», «Godt», «Verken godt eller dårleg», «Dårleg», «Svært dårleg» og «Veit ikkje». I hovudrapporten blei det vist prosentdel svarte «Svært godt» eller «Godt» på kvar av spørsmåla om tilgjenge av fasilitetar og servicetilbod lokalt.

For kvar av desse spørsmåla vart det gitt eit oppfølgingsspørsmål til dei som svarte at tilgjenget er «Dårleg» eller «Svært dårleg», der respondentane blei bedt om å oppgi årsak til opplevd dårleg tilgjenge. Det var opna for å velje fleire svaralternativ samt fritekst til utfylling ved «Anna årsak». I inneverande notat presenterast kor stor andel av dei spurte som oppgav kvar av dei gitte årsakene til dårleg tilgjenge.

### 1.1.2 Deltaking i organiserte og andre aktivitetar

Deltakarane blei spurde om kor ofte dei deltek i organisert aktivitet/frivillig arbeid som til dømes idrettslag, politiske lag, trussamfunn, kor eller liknande. Dei blei også spurde om kor ofte dei deltek i annan aktivitet som til dømes klubb, møte, treffe vener, trimturar med vener/kollegaer eller andre. Desse to spørsmåla hadde dei same svaralternativa: «Dagleg», «Kvar veke», «1-3 gonger per månad», «Sjeldnare» og «Aldri». I hovudrapporten blei det presentert prosentdel som svarte at dei deltek kvar veke eller oftare.

Dei som svarte at dei deltek i organisert aktivitet/frivillig arbeid (uavhengig av hyppigheit) fekk oppfølgingsspørsmål om dei hadde utført gratis arbeid for ein organisasjon, klubb eller foreining siste 12 månader og dersom ja, kva organisasjon/klubb/foreining.

Dei som svarte at dei «Aldri» deltek i organisert/frivillig arbeid eller «Aldri» deltek i annan aktivitet fekk oppfølgingsspørsmål kva dei meiner er grunnen til dette. Også her var det opna for å velje fleire svaralternativ, samt fritekst til sjølv å oppgi kvifor ein aldri deltek.

I inneverande notat visast prosentdel som hadde utført gratis arbeid for ein organisasjon, klubb eller foreining siste 12 månader og kva organisasjon/klubb/foreining, og prosentdel

<sup>2</sup> <https://www.fhi.no/div/helseundersokelser/fylkeshelseundersokelser/sporreskjema/>

av dei spurte oppgav kvar av dei gitte grunnane til aldri å delta i høvesvis organisert og annan aktivitet.

### 1.1.3 Treningsbarrierar

Under temaet «Fysisk aktivitet» vart det lagt til eit spørsmål (til alle deltakarar) om årsaker til ikkje å trene eller mosjonere så ofte som ein ønsker. Deltakarene kunne krysse av for fleire svaralternativ. Dette spørsmålet var lagt til i samarbeid med Institutt for helse, miljø og likeverd (HEMIL), Universitetet i Bergen (UiB), og er basert på spørsmål brukt i undersøkinga av fysisk aktivitet blant vaksne og eldre i Norge (Kan2) [1].

I notatet visast kor stor prosentdel av heile utvalet som oppgav kvar av dei gitte grunnane.

### 1.1.4 Trivselsfaktorar

Alle deltakarane blei spurde kva som var viktig for at dei skulle trivast i nærmiljøet sitt. Deltakarane kunne velje opp til fire alternativ. Tilsvarande spørsmål var brukt i dei førre Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019).

I notatet visast kor stor prosentdel av heile utvalet som oppgav kvar av dei gitte trivselsfaktorane.

### 1.1.5 Reisevanar til arbeid/skule

Spørsmål om reisevanar var baserte på spørsmål brukt i Kan2.

Yrkesaktive og studentar vart spurte om dei arbeider/studerer utanfor heimen. Dersom deltakarane svarte «Ja, alltid» eller «Ja, både heimanfrå og utanfor heimen» blei dei spurt om avstand og reisevane mellom heimstad og arbeidsplass/studieplass. På reiseavstand kunne ein svare «Ikkje aktuelt» dersom dei arbeidde offshore eller vekependla. Variabelen «Avstand til jobben» blei dikotomisert (todelt) for å skilje mellom dei som hadde 0) mindre enn 20 kilometer til arbeid/skule og 1) dei som hadde 20 kilometer eller meir. Dette er same inndeling som var brukt i rapportane for Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019). Dei som svarte «Ikkje aktuelt» og/eller var 67 år eller eldre blei fjerna frå desse analysane.

Dei som arbeidde/studerte utanfor heimen blei vidare spurde kor ofte dei brukte «Bil/motorkøyretøy», «Offentleg transport», «Sykkel/el-sykkel/el-sparkesykkel», «Gåande», og «Heimekontor/digital undervisning» for å komme seg til arbeid/skule. Svaralternativa var «Alltid», «Vanlegvis», «Av og til» og «Sjeldan eller aldri». Dei som svarte «Ikkje aktuelt» (dvs. jobba offshore og/eller vekependla) og/eller var 67 år eller eldre var ikkje med i denne analysen.

Utvalet blant dei med heimekontor/digital undervisning var annleis enn dei andre transportgruppene. Her blei dei som svarte at dei ikkje arbeider/studerer utanfor heimen omkoda og inkludert til svarkategorien «Alltid» å ha heimekontor/studere i heimen.

Bruk av type transportmiddel (bil, offentlig transport, sykkel, gåande og digitalt) blei dikotomisert (todelt) mellom dei som brukar transportmiddelet (0) Sjeldan («Sjeldan eller aldri» eller «Av og til») og (1) Vanlegvis («Vanlegvis» eller «Alltid»).

### 1.1.6 Reisevanar til fritidsaktivitetar, offentlege tenester og kjøpesenter, og daglegvarer

Alle respondentar skulle velje det transportalternativet dei **vanlegvis** brukte for å komme seg til «Fritidsaktivitetar», «Offentlege tenester og kjøpesenter» og «Daglegvare» blant følgjande alternativ: «Gåande», «Med sykkel/el-sykkel/el-sparkesykkel», «Med offentlig transport», «Med bil/motorkøyretøy», «Digitalt/heimanfrå» eller «Ikkje aktuelt». Dei som svarte «Ikkje aktuelt» var ikkje med i analysen.

## 1.2 Statistiske analysar

For tilleggsspørsmål der deltakarane kunne velje meir enn eitt svaralternativ, presenterast andel av dei spurde som valde kvar av dei gitte svaralternativa. Merk at summen av andelar her kan overstige 100 %, ettersom fleire svaralternativ var mogeleg. Merk også at fleire av desse spørsmåla var gitt til eit underutval av deltakarar (t.d. dei som rapporterte dårleg tilgjenge til ulike fasilitetar og tenester). Andelane er her berekna ut frå dei som fekk spørsmålet (altså av dei som oppgav dårleg eller svært dårleg tilgjenge) og ikkje totalutvalet.

For dikotomiserte utfallsmål bli det køyrd eit bestemt sett av analysar etter modell frå hovudrapporten. Først analyserast utfallsvariablane etter region i Vestland fylkeskommune utan og med justering for kjønn, alder og utdanning. Variabelen region skil mellom dei ulike regionane i Vestland som presentert hovudrapporten.

Utdanningsvariabelen i denne analysen inneheld ein ekstra kategori for dei som er under utdanning eller er under 26 år. Variabelen «høgaste fullførte utdanning» gir berre mening dersom ein er ferdig med utdanning eller har nådd ein alder der ein normalt skal ha fullført utdanninga. Ved å bruke ein ekstra kategori på denne variabelen, i staden for å utelate respondentar, beheld vi eit større tal på observasjonar som inngår i analysane av forskjellar mellom fylke.

At vi justerer, betyr at vi bereknar tal for kvar enkelt region under den føresetnad at regionane har lik fordeling på kjønn, alder og utdanning.

Deretter presenterast utfallsvariabelen etter utdanningsnivå og kjønn. Analysane blir gjort på dei som er 26 år og eldre og som ikkje er under utdanning. I tillegg er det justert for alder.

Utfallsvariabelen presenterast deretter etter alder og kjønn.

Alle analysane er gjennomført separat for kvinner og menn. Resultata blir deretter samanstilte og presenterte ved bruk av stolpediagram som også viser totalgjennomsnitt og 95 % konfidensintervall (KI). Forskjellar mellom grupper reknast som statistisk sikre (statistisk signifikante) dersom 95 % KI ikkje overlappar.

Stolpediagramma har y-aksar (den vertikale aksen) som startar på den lågaste verdien på skalaen, som er talet 0 (null). Y-aksen sluttar ofte på verdiar som er lågare enn skalaen sin største verdi. Dette kan føre til at forskjellane mellom grupper verkar større enn dei faktisk er. Dette blir gjort slik fordi det då er lettare å sjå forskjellar mellom grupper, og fordi det blir lettare å lese av størrelsen på konfidensintervalla.

Der utfallsvariablane er todelte, har vi brukt logistisk regresjon og der utfallsvariablane er kontinuerlege, har vi brukt lineær regresjon. Alle prediktorane er kategorielle.



Det at vi oversampla i nokre kommunar (sjå hovudrapport for nærare omtale), har gjort det nødvendig å bruke vekting i dei fleste statistiske analysane. Vi har vekta ned tala for alle kommunane der vi har oversampla. Di større oversampling, dess lågare vekter. Dette for å gi rettare tal for regionane og for Vestland sett under eitt. Vektinga er gjort slik at talet på observasjonar etter vekting er nokså likt talet på observasjonar før vekting.

Dei statistiske analysane blei gjort med bruk av STATA versjon 17 til modellering (logistisk regresjonsanalyse for dikotome utfall og lineær regresjonsanalyse for kontinuerlege utfall) og utarbeiding av figurar.

## 2 Resultat

### 2.1 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til fasilitetar og tenester lokalt


#### 2.1.1 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til kulturtilbod

Totalt 52 612 deltakarar av 53 216 (98,9 %) hadde gyldig svar på spørsmålet om tilgjenge til kulturtilbod. Andelen som oppgav dårleg eller svært dårleg tilgjenge for heile utvalet var 11,8 % (KI95%: 11,5-12,0). Andelen for kvinner var 11,3 % (KI95%: 10,9-11,7) og andelen for menn var 12,3 % (KI95%: 11,9-12,8).

Dei som rapporterte om dårleg eller svært dårleg tilgjenge til kulturtilbod blei spurte om kva som var grunnen til at dei opplevde tilgjenge dårleg. Deltakarene kunne krysse av for fleire alternativ. Figuren under viser kor stor andel av dei spurte som oppgav kvar av dei gitte årsakene til dårleg tilgjenge.

Figur 1.

*Kva som blir rapportert som årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til kulturtilbod i nærmiljøet (blant dei som rapporterte dårleg eller svært dårleg tilgjenge)*



*Svaralternativa i fulltekst:*

Tilbodet finst ikkje

Det er mangel på tilbod innan mine interesseområde/behov

Tilbodet er ikkje universelt utforma

Eg har problem med å komme meg dit på grunn av transportmoglegheiter

Kollektivtilbodet er ikkje godt nok

Avstandane er for store / det er for lang reiseveg

Tilbodet kostar for mykje

På grunn av opningstidene

Anna

Usikker / veit ikkje


### 2.1.2 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til idrettstilbod

Totalt 51 682 deltakarar av 53 216 (97,1 %) hadde gyldig svar på spørsmålet om tilgjenge til idrettstilbod. Andelen som oppgav dårleg eller svært dårleg tilgjenge for heile utvalet var 6,4 % (KI95%: 6,2-6,7). Andelen for kvinner var 6,3 % (KI95%: 6,0-6,6) og andelen for menn var 6,6 % (KI95%: 6,3-7,0).

Dei som rapporterte om dårleg eller svært dårleg tilgjenge til idrettstilbod blei spurte om kva som var grunnen til at dei opplevde tilgjenge dårleg. Deltakarene kunne krysse av for fleire alternativ. Figuren under viser kor stor andel av dei spurte som oppgav kvar av dei gitte årsakene til dårleg tilgjenge.

Figur 2.

*Kva som blir rapportert som årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til idrettstilbod i nærmiljøet (blant dei som rapporterte dårleg eller svært dårleg tilgjenge).*



#### Svaralternativa i fulltekst:

Tilbodet finst ikkje

Det er mangel på tilbod innan mine interesseområde/behov

Tilbodet er ikkje universelt utforma

Eg har problem med å komme meg dit på grunn av transportmoglegheiter

Kollektivtilbodet er ikkje godt nok

Avstandane er for store / det er for lang reiseveg

Tilbodet kostar for mykje

På grunn av opningstidene

Anna

Usikker / veit ikkje


### 2.1.3 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til butikkar, serveringsstader og andre servicetilbod

Totalt 53 030 deltakarar av 53 216 (99,7 %) hadde gyldig svar på spørsmålet om tilgjenge til butikkar, serveringsstader og andre servicetilbod. Andelen som oppgav dårleg eller svært dårleg tilgjenge for heile utvalet var 5,2 % (KI95%: 5,0-5,4). Andelen for kvinner var 5,1 % (KI95%: 4,9-5,4) og andelen for menn var 5,2 % (KI95%: 4,9-5,5).

Dei som rapporterte om dårleg eller svært dårleg tilgjenge til butikkar, serveringsstader og andre servicetilbod, blei spurte om kva som var grunnen til at dei opplevde tilgjenge dårleg. Deltakarene kunne krysse av for fleire alternativ. Figuren under viser kor stor andel av dei spurte som oppgav kvar av dei gitte årsakene til dårleg tilgjenge.

Figur 3.

*Kva som blir rapportert som årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til butikkar, serveringsstader og andre servicetilbod i nærmiljøet (blant dei som rapporterte dårleg eller svært dårleg tilgjenge).*



*Svaralternativa i fulltekst:*

Tilbodet finst ikkje

Det er mangel på tilbod innan mine interesseområde/behov

Tilbodet er ikkje universelt utforma

Eg har problem med å komme meg dit på grunn av transportmoglegheiter

Kollektivtilbodet er ikkje godt nok

Avstandane er for store / det er for lang reiseveg

Tilbodet kostar for mykje

På grunn av opningstidene

Anna

Usikker / veit ikkje


#### 2.1.4 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til offentleg transport

Totalt 51 658 deltakarar av 53 216 (97,1 %) hadde gyldig svar på spørsmålet om tilgjenge til offentleg transport. Andelen som oppgav dårleg eller svært dårleg tilgjenge for heile utvalet var 28,5 % (KI95%: 28,1-28,9). Andelen for kvinner var 29,5 % (KI95%: 28,9-30,0) og andelen for menn var 27,3 % (KI95%: 26,7-27,9).

Dei som rapporterte om dårleg eller svært dårleg tilgjenge til offentleg transport, blei spurte om kva som var grunnen til at dei opplevde tilgjenge dårleg. Deltakarene kunne krysse av for fleire alternativ. Figuren under viser kor stor andel av dei spurte som oppgav kvar av dei gitte årsakene til dårleg tilgjenge.

Figur 4.

*Kva som blir rapportert som årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til offentleg transport lokalt (blant dei som rapporterte dårleg eller svært dårleg tilgjenge).*



#### Svaralternativa i fulltekst:

Tilbodet er ikkje universelt utforma

Eg har problem med å komme meg til og frå haldeplassen

Det kostar for mykje

Tilbodet/tenesta finst ikkje

Transporten går for sjeldan

Det er for tungvint med mange linjebytter/overgangar

Det er vanskelege billettloysingar

Det tar for lang tid

Anna

Usikker / veit ikkje


### 2.1.5 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til natur- og friluftsområde

Totalt 52 907 deltakarar av 53 216 (99,4 %) hadde gyldig svar på spørsmålet om tilgjenge til natur- og friluftsområde. Andelen som oppgav dårleg eller svært dårleg tilgjenge for heile utvalet var 1,8 % (KI95%: 1,7-1,9). Andelen for kvinner var 1,9% (KI95%: 1,7-2,1) og andelen for menn var 1,7 % (KI95%: 1,6-1,9).

Dei som rapporterte om dårleg eller svært dårleg tilgjenge til natur- og friluftsområde, blei spurte om kva som var grunnen til at dei opplevde tilgjenge dårleg. Deltakarene kunne krysse av for fleire alternativ. Figuren under viser kor stor andel av dei spurte som oppgav kvar av dei gitte årsakene til dårleg tilgjenge.

Figur 5.

*Kva som blir rapportert som årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til natur- og friluftsområde i nærmiljøet (blant dei som rapporterte dårleg eller svært dårleg tilgjenge).*



#### Svaralternativa i fulltekst:

Tilbodet er ikkje universelt utforma

Eg har problem med å komme meg dit på grunn av transportmoglegheiter/reiseveg

Kollektivtilbodet er ikkje godt nok

Avstandane er for store / det er for lang reiseveg

Det er ikkje tilgang for publikum

Anna

Usikker / veit ikkje


### 2.1.6 Årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til kystlinje/strand eller sjø

Totalt 51 189 deltakarar av 53 216 (96,2 %) hadde gyldig svar på spørsmålet om tilgjenge til kystlinje/strand/sjø. Andelen som oppgav dårleg eller svært dårleg tilgjenge for heile utvalet var 8,0 % (KI95%: 7,7-8,2). Andelen for kvinner var 8,0 % (95%: 7,6-8,3) og andelen for menn var 8,0 % (KI95%: 7,6-8,4).

Dei som rapporterte om dårleg eller svært dårleg tilgjenge til kystlinje/strand eller sjø, blei spurte om kva som var grunnen til at dei opplevde tilgjenge dårleg. Deltakarene kunne krysse av for fleire alternativ. Figuren under viser kor stor andel av dei spurte som oppgav kvar av dei gitte årsakene til dårleg tilgjenge.

Figur 6.

*Kva som blir rapportert som årsaker til opplevd dårleg tilgjenge til kystlinje/strand eller sjø der du bur (blant dei som rapporterte dårleg eller svært dårleg tilgjenge).*



#### Svaralternativa i fulltekst:

Tilbodet er ikkje universelt utforma

Eg har problem med å komme meg dit på grunn av transportmoglegheiter/reiseveg

Kollektivtilbodet er ikkje godt nok

Avstandane er for store / det er for lang reiseveg

Det er ikkje tilgang for publikum

Anna

Usikker / veit ikkje

## 2.2 Deltaking i organiserte og eigenorganiserte aktivitetar


### 2.2.1 Frivillig arbeid i organisasjon/klubb/foreining siste 12 månader

Totalt 53 059 deltakarar av 53 216 (99,7 %) hadde gyldig svar på spørsmålet om deltaking i organisert aktivitet. Andelen som rapporterte å delta i organisert aktivitet (dagleg, kvar veke, 1-3 gonger per måned, sjeldnare) for heile utvalet var **73,7 %** (KI95%: 73,3-74,0). Andelen for kvinner var 72,6 % (KI95%: 72,0-73,1) og andelen for menn var 75,0 % (KI95%: 74,4-75,6).

Av de som har deltatt i organisert aktivitet, rapporterte 56,4 % (KI95%: 55,9-57,0) å ha utført gratis arbeid for ein organisasjon, klubb eller foreining i løpet av dei siste 12 månader. Figuren under viser fordeling på kva organisasjon, klubb eller foreining desse rapporterte å ha arbeidd for. Deltakarene kunne krysse av for fleire alternativ.

Figur 7.

Kva type organisasjon, klubb eller foreining dei som har arbeidd frivillig siste 12 månader oppgav å ha arbeidd for.






### 2.2.2 Årsaker til ikkje å delta i organiserte aktivitetar/frivillig arbeid

Totalt 53 059 deltakarar av 53 216 (99,7 %) hadde gyldig svar på spørsmålet om deltaking i organisert aktivitet. Andelen som rapporterte aldri å delta i organisert aktivitet for heile utvalet var **26,3 %** (KI95%: 25,9-26,7). Andelen for kvinner var 27,4 % (KI95%: 26,9-28,0) og andelen for menn var 25,0 % (KI95%: 24,4-25,6).

Dei som rapporterte aldri å delta i organisert aktivitet, blei spurte om kva dei meinte var grunnen til dette. Deltakarene kunne krysse av for fleire alternativ. Figuren under viser kor stor andel av dei spurte som oppgav kvar av dei gitte grunnane.

Figur 8.

*Kva som blir rapportert som årsaker til ikkje å delta i organiserte aktivitetar eller frivillig arbeid (blant dei som rapporterte aldri å delta i organiserte aktivitetar).*



#### Svaralternativa i fulltekst:

- Eg veit ikkje kva som føregår
- Eg har ingen å gå saman med
- Eg har ikkje tid
- Eg har ikkje råd
- Eg har problem med transport/reiseveg
- Det er manglande universell utforming
- Eg er ikkje interessert
- Sosiale eller helsemessige årsaker
- På grunn av koronapandemien
- Anna
- Usikker / veit ikkje


### 2.2.3 Årsaker til ikkje å delta i annan aktivitet

Totalt 53 015 deltakarar av 53 216 (99,6 %) hadde gyldig svar på spørsmålet om deltaking i annan aktivitet, som til dømes klubb, møte, treffe venner, trimturar med venner/kollegaer eller andre. Andelen som oppgav aldri å delta i slik aktivitet for heile utvalet var **3,5 %** (KI95%: 3,3-3,7). Andelen for kvinner var 2,4 % (KI95%: 2,2-2,6) og andelen for menn var 4,9 % (KI95%: 4,6-5,2).

Dei som rapporterte aldri å delta i nemnde aktivitet, blei spurte om kva dei meinte var grunnen til dette. Deltakarene kunne krysse av for fleire alternativ. Figuren under viser kor stor andel av dei spurte som oppgav kvar av dei gitte grunnane.

Figur 9.

*Kva som blir rapportert som årsaker til ikkje å delta i annan aktivitet, som til dømes klubb, møte, treffe venner, trimturar med venner/kollegaer eller andre (blant dei som rapporterte aldri å delta i slike aktivitetar)*



#### Svaralternativa i fulltekst:


- Eg veit ikkje kva som føregår
- Eg har ingen å gå saman med
- Eg har ikkje tid
- Eg har ikkje råd
- Eg har problem med transport/reiseveg
- Det er manglande universell utforming
- Eg er ikkje interessert
- Sosiale eller helsemessige årsaker
- På grunn av koronapandemien
- Anna
- Usikker / veit ikkje

### 2.3 Treningsbarrierar

Alle deltakarar blei spurde om å oppgi grunner til ikkje å trene eller mosjonere, eller ikkje å trene eller mosjonere så ofte som ein ønsker. Spørsmålet blei gitt uavhengig av kor mykje dei oppgav å trene eller mosjonere. Deltakarene kunne krysse av for fleire alternativ. Figuren under viser kor stor andel av heile utvalet som oppgav kvar av dei gitte grunnane.

Figur 9.

*Kva som blir rapportert som årsaker til ikkje å trene eller mosjonere, eller ikkje å trene eller mosjonere så ofte som ein ønsker.*



*Svaralternativa i fulltekst:*

Eg har ikkje tid

Eg trur ikkje eg får det til

På grunn av skade/overbelastning

På grunn av mi fysiske helse / funksjonsnedsetting

På grunn av mi psykiske helse

Eg har ikkje råd

Eg er redd for å bli skada (til dømes falle eller forstue)

Eg har problem med transport/reiseveg

Eg har ingen å vere fysisk aktiv saman med

Eg orkar ikkje

Eg vil heller bruke tida mi på andre ting

Det er mangel på tilbod innan mine interesseområde

Andre grunnar


Ikkje aktuelt, eg opplev ingen treningsbarrierar

## 2.4 Trivselsfaktorar

Alle deltakarane blei spurde kva som var viktig for at dei skulle trivast i nærmiljøet sitt. Deltakarane kunne velgje opp til fire alternativ. Figuren under viser kor stor andel av heile utvalet som oppgav kvar av dei gitte trivselsfaktorane.

Figur 10.

*Kva som blir rapportert som viktige faktorar for å trivast i sitt nærmiljø.*



*Svaralternativa i fulltekst (set maksimalt 4 kryss):*

At eg kjenner naboane mine

Å få vere i fred når eg ønskjer det

Å ha tilgang til butikkar

Å ha tilgang til kaféar og spisestader

Å ha tilgang til ulike kommunale tenester (lege, skule, helsestasjon, NAV etc.)

At nærmiljøet er fint og blir godt halde ved like

Å ha tilgang til natur- og friluftsområde, sjø og strand

Å ha tilgang til kulturaktivitetar

Å ha utsikt til natur/grøntområde

Gode gang- og sykkelveggar

Tilgang til gode møteplassar

At det ikkje byggast for tett / for høgt

## 2.5 Reisevanar

Spørsmål om reisevanar til/frå jobb vart gitt til personar som oppgav å vere yrkesaktive eller studentar. I resultatata om reisevanar til/frå jobb har vi i tillegg utelete dei som var 67 år eller eldre, eller som oppgav at reiseveg var "Ikkje relevant".

Totalt 37 733 av 53 216 (70,9 %) var yrkesaktive eller studentar, yngre enn 67 år og hadde ikkje kryssa av på «Ikkje relevant» på spørsmålet om reiseveg. Av dei 15 483 personar som blei fjernet svarte 3 187 personar «Ikkje relevant» på reiseveg-spørsmålet og 12 464 var 67 år eller eldre. Totalt 168 var både 67 år eller eldre og svart «Ikkje relevant» på reiseveg-spørsmålet.

Tabell 1.

*Andel som svart på om dei «arbeidar/studerer du utanfor heimen» etter kjønn.*

	Uvekta	Vekta
Kvinner	59,8 %	59,7 %
Menn	40,2 %	40,3 %

*N=37 733. På tvers av Vestland. Dei som svarte «ikkje aktuelt» på spørsmål om reiseveg til arbeid/skule er fjerna.*

Tabell 2.

*Andel som svart på om dei «arbeidar/studerer du utanfor heimen» etter alder.*

	Uvekta	Vekta
18-29	15,2 %	15,6 %
30-39	18,4 %	18,8 %
40-49	20,9 %	21,0 %
50-59	26,6 %	26,2 %
60-66	19,0 %	18,4 %

*N=37 733. På tvers av Vestland. Dei som svarte «ikkje aktuelt» på spørsmål om reiseveg til arbeid/skule er fjerna.*

Tabell 3.

*Andel som svart på om dei «arbeidar/studerer du utanfor heimen» etter utdanning.*

	Uvekta	Vekta
Grunnskole eller lågare	6,3 %	6,0 %
VGS	45,0 %	43,0 %
Høgskule/Universitet 2-4 år	26,6 %	27,0 %
Høgskule/Universitet > 4 år	22,2 %	24,0 %


*N=37 506. På tvers av Vestland. Dei som svarte «ikkje aktuelt» på spørsmål om reiseveg til arbeid/skule er fjerna.*

### 2.5.1 Arbeider eller studerer utanfor heimen


Totalt 32 200 deltakarar av 37 733 (85,3 %) hadde gyldig svar om dei jobbar eller studerer utanfor heimen som var yngre enn 67 år. Andelen for heile utvalet var **84,0 %** (KI95%: 83,6-84,4). Andelen for kvinner var 83,9 % (KI95%: 83,4-84,5) og andelen for menn var 84,1 % (KI95%: 83,4-84,7).

Figur 11.


Andelen som rapporterte at dei jobbar eller studerer utanfor heimen etter region (A), utdanning (B) og alder (C) blant de som var yngre enn 67 år.



A)



B)



C)


Rød linje indikerer samlet gjennomsnitt

### 2.5.2 20 km eller meir til jobb eller studiestad


Totalt 26 460 av 32 200 (81,2 %) deltakarar hadde gyldig svar om dei har 20 kilometer eller meir til jobb eller studiestad. Andelen for heile utvalet var **26,2 %** (KI95%: 25,6-26,7). Andelen for kvinner var 23,0 % (KI95%: 22,3-23,6) og andelen for menn var 30,7 % (KI95%: 29,8-31,6).

Figur 12.


Andelen som rapporterte å ha 20 kilometer eller meir til jobb eller studiestad etter region (A), utdanning (B) og alder (C) blant dei som var yngre enn 67 år.



A)



B)



C)

Rød linje indikerer samlet gjennomsnitt

2.5.3 *Bruk av bil til arbeid/studiestad*

Tabell 4.

*Fordeling i prosent av kor ofte ein bruker bil til arbeid/studiestad blant dei som er under 67 år, etter region.*

	<i>N</i>	Alltid	Vanlegvis	Av og til	Sjeldan eller aldri
Sunnhordland	2 537	68 %	16 %	8 %	8 %
Hardanger og Voss	1 677	55 %	18 %	11 %	16 %
Bergen	9 704	34 %	17 %	13 %	36 %
Midthordland søraust	1 422	71 %	16 %	7 %	7 %
Midthordland nordvest	2 588	68 %	15 %	8 %	10 %
Nordhordland	1 586	72 %	14 %	6 %	8 %
Indre Sogn	1 747	52 %	18 %	11 %	19 %
Ytre Sogn og Sunnfjord	1 854	57 %	19 %	10 %	14 %
Nordfjord og Kinn	2 040	60 %	18 %	10 %	12 %


*N=25 155.Vekta tal.*




Totalt 25 155 deltakarar av 32 200 (78,1 %) hadde gyldig svar på om dei vanlegvis brukar bil til arbeid/studiestad blant dei som var yngre enn 67 år. Andelen for heile utvalet var **66,3 %** (KI95%: 65,6-66,9). Andelen for kvinner var 63,8 % (KI95%: 63,0-64,7) og andelen for menn var 69,7 % (KI95%: 68,8-70,7).

Figur 13.


Andelen som ofte («Vanlegvis» eller «Alltid») brukar bil til arbeid/studiestad blant dei som var yngre enn 67 år etter region (A), utdanning (B) og alder (C).



A)



B)



C)

Rød linje indikerer samlet gjennomsnitt

#### 2.5.4 Bruk av offentlig transport til arbeid/studiestad

Tabell 5.

*Fordeling om kor ofte ein bruker kollektivtrafikk til arbeid/studiestad blant dei som er under 67 år, etter region.*


	N	Alltid	Vanlegvis	Av og til	Sjeldan eller aldri
Sunnhordland	2 218	4 %	3 %	5 %	88 %
Hardanger og Voss	1 488	6 %	5 %	5 %	84 %
Bergen	9 537	17 %	15 %	19 %	49 %
Midthordland søraust	1 234	7 %	4 %	9 %	80 %
Midthordland nordvest	2 358	10 %	8 %	10 %	72 %
Nordhordland	1 418	7 %	5 %	8 %	80 %
Indre Sogn	1 523	3 %	3 %	3 %	90 %
Ytre Sogn og Sunnfjord	1 632	2 %	3 %	6 %	89 %
Nordfjord og Kinn	1 766	3 %	3 %	5 %	89 %

N=23 174.Vekta tal.


Totalt 23 174 deltakarar av 32 200 (72,0 %) hadde gyldig svar på om dei vanlegvis bruker kollektivtransport til arbeid/studiestad blant dei som var yngre enn 67 år. Andelen for heile utvalet var **21,4 %** (KI95%: 20,8-21,9). Andelen for kvinner var 23,1 % (KI95%: 22,3-23,8) og andelen for menn var 18,8 % (KI95%: 18,0-19,7).

Figur 14.


*Andelen som ofte («Vanlegvis» eller «Alltid») brukte kollektivtransport til arbeid/studiestad blant dei som var yngre enn 67 år etter region (A), utdanning (B) og alder (C).*



**A)**



**B)**



**C)**

Rød linje indikerer samlet gjennomsnitt

## 2.5.5 Bruk av sykkel til arbeid/studiestad

Tabell 6.

*Fordeling om kor ofte ein bruker sykkel/el-sykkel/sparkesykkel til arbeid/studiestad blant dei som er under 67 år, etter region.*


	N	Alltid	Vanlegvis	Av og til	Sjeldan eller aldri
Sunnhordland	2 240	2 %	4 %	13 %	80 %
Hardanger og Voss	1 489	2 %	6 %	17 %	75 %
Bergen	9 118	3 %	9 %	16 %	72 %
Midthordland søraust	1 224	1 %	3 %	10 %	86 %
Midthordland nordvest	2 270	0,7 %	1 %	6 %	92 %
Nordhordland	1 390	1 %	2 %	7 %	90 %
Indre Sogn	1 583	4 %	12 %	18 %	66 %
Ytre Sogn og Sunnfjord	1 643	1 %	7 %	18 %	74 %
Nordfjord og Kinn	1 797	2 %	5 %	17 %	76 %

N=22 754. Vekta tal.


Totalt 22 754 deltakarar av 32 200 (70,7 %) hadde gyldig svar på om de brukte sykkel/el-sykkel/sparkesykkel til arbeid/studiestad blant dei som var yngre enn 67 år. Andelen for heile utvalet var **9,2 %** (KI95%: 8,8-9,7). Andelen for kvinner var 7,8 % (KI95%: 7,3-8,3) og andelen for menn var 11,3 % (KI95%: 10,6-12,0).

Figur 15.


Andelen som ofte («Vanlegvis» eller «Alltid») brukte sykkel/el-sykkel/sparkesykkel til arbeid/studiestad blant dei som var yngre enn 67 år etter region (A), utdanning (B) og alder (C).



A)



B)



C)

Rød linje indikerer samlet gjennomsnitt

## 2.5.6 Gå til fots til arbeid/studiestad

Tabell 7.

*Fordeling om kor ofte ein gått til arbeid/studiestad blant dei som er under 67 år, etter region.*


	N	Alltid	Vanlegvis	Av og til	Sjeldan eller aldri
Sunnhordland	2 248	6 %	7 %	14 %	74 %
Hardanger og Voss	1 526	11 %	11 %	19 %	60 %
Bergen	9 254	11 %	9 %	16 %	64 %
Midthordland søraust	1 236	4 %	3 %	10 %	82 %
Midthordland nordvest	2 307	4 %	4 %	9 %	84 %
Nordhordland	1 411	5 %	4 %	9 %	83 %
Indre Sogn	1 584	10 %	11 %	18 %	60 %
Ytre Sogn og Sunnfjord	1 691	9 %	10 %	22 %	60 %
Nordfjord og Kinn	1 832	9 %	9 %	20 %	63 %

N=23 089. Vekta tal.


Totalt 23 089 deltakarar av 32 200 (71,7 %) hadde gyldig svar på om de gjekk til arbeid/studiestad blant dei som var yngre enn 67 år. Andelen for heile utvalet var **16,8 %** (KI95%: 16,3-17,3). Andelen for kvinner var 18,1 % (KI95%: 17,4-18,7) og andelen for menn var 14,8 % (KI95%: 14,1-15,6).

Figur 16.


Andelen som ofte («Vanlegvis» eller «Alltid») gjekk til arbeid/studiestad blant dei som var yngre enn 67 år etter region (A), utdanning (B) og alder (C).



A)



B)



C)

Rød linje indikerer samlet gjennomsnitt

### 2.5.7 Bruk av heimekontor/digital undervisning

Bruk av heimekontor/digital undervisning bestod av dei som hadde svart at dei brukte heimekontor/digital undervisning. I tillegg blei dei som svarte at dei ikkje arbeida/gjekk på skule utanfor heimen omkoda til å «Alltid» ha heimekontor/studere heimanfrå.

Tabell 8.

*Fordeling om kor ofte ein brukt heimekontor/digital undervisning blant dei som er under 67 år, etter region.*

	<i>N</i>	Alltid	Vanlegvis	Av og til	Sjeldan eller aldri
Sunnhordland	2 913	25 %	2 %	26 %	47 %
Hardanger og Voss	1 959	27 %	2 %	23 %	48 %
Bergen	10 730	15 %	6 %	40 %	39 %
Midthordland søraust	1 568	21 %	5 %	28 %	45 %
Midthordland nordvest	2 786	18 %	4 %	31 %	47 %
Nordhordland	1 744	19 %	3 %	28 %	50 %
Indre Sogn	2 033	23 %	2 %	30 %	46 %
Ytre Sogn og Sunnfjord	2 225	25 %	3 %	27 %	45 %
Nordfjord og Kinn	2 346	27 %	2 %	23 %	49 %


*N=28 304. Vekta tal.*




Totalt 28 304 deltakarar hadde gyldig svar på om de brukte heimekontor til arbeid/studiestad blant dei som var yngre enn 67 år. Andelen for heile utvalet var **23,3 %** (KI95%: 22,8-23,8). Andelen for kvinner var 22,0 % (KI95%: 21,4-22,7) og andelen for menn var 25,1 % (KI95%: 24,2-25,9).

Figur 17.


Andelen som ofte («Vanlegvis» eller «Alltid») brukte heimekontor/digital undervisning blant dei som var yngre enn 67 år etter region (A), utdanning (B) og alder (C).



A)



B)



C)

Rød linje indikerer samlet gjennomsnitt

### 2.5.8 Transportvanar på fritida

I det følgjande visast resultat om transportvanar til ulike aktivitetar på fritida (fritidsaktivitetar, offentlege tenester og kjøpesenter og daglegvare). Desse spørsmåla blei stilt til alle deltakarane.

Totalt 52 742 av 53 216 (99,1 %) hadde gyldige svar på spørsmålet korleis dei kjem seg til fritidsaktivitetar. Tabell 9 viser fordeling korleis ein vanlegvis kjem seg til ulike fritidsaktivitetar, samla i fylket.

Tabell 9.

*Fordeling om korleis ein vanlegvis kjem seg til fritidsaktivitetar, samla i fylket*

Gåande	10 836	20,6 %
Med sykkel	1 960	3,7 %
Med offentleg transport	4 678	8,9 %
Med bil/motorkøyretøy	32 601	61,8 %
Digitalt/heimanfrå	221	0,4 %
Ikkje aktuelt	2 446	4,6 %

Totalt 52 393 av 53 216 (98,5 %) hadde gyldige svar på spørsmålet korleis dei kjem seg til offentlege tenester og kjøpesenter. Tabell 10 viser fordeling korleis ein vanlegvis kjem seg til offentlege tenester og kjøpesenter, samla i fylket.

Tabell 10.

*Fordeling om korleis ein kommer seg til offentlege tenester og kjøpesenter, samla i fylket*

Gåande	6 176	11,8 %
Med sykkel	1 108	2,1 %
Med offentleg transport	5 140	9,8 %
Med bil/motorkøyretøy	39 446	75,3 %
Digitalt/heimanfrå	160	0,3 %
Ikkje aktuelt	363	0,7 %

Totalt 52 434 av 53 216 (98,5 %) hadde gyldige svar på spørsmålet korleis dei kjem seg til daglegvare. Tabell 11 viser fordeling korleis ein vanlegvis kjem seg til daglegvare, samla i fylket.


Tabell 11.

*Fordeling om korleis ein kjem seg til daglegvare, samla i fylket*

Gåande	12 352	23,6 %
Med sykkel	900	1,7 %
Med offentleg transport	1 221	2,3 %
Med bil/motorkøyretøy	37 685	71,9 %
Digitalt/heimanfrå	109	0,2 %
Ikkje aktuelt	167	0,3 %


Figur 18.

*Brukar vanlegvis bil/motorkøyretøy til fritidsaktivitetar etter region, fordeling i prosent.*




Figur 19.

*Brukar vanlegvis bil/motorkøyretøy til offentlege tenester og kjøpesenter etter region, fordeling i prosent.*




Figur 20.

*Brukar vanlegvis bil/motorkøyretøy til daglegvare etter region, fordeling i prosent.*




Figur 21.

*Brukar vanlegvis offentleg transport til fritidsaktivitetar etter region, fordeling i prosent.*




Figur 22.

*Brukar vanlegvis offentleg transport til offentlege tenester og kjøpesenter etter region, fordeling i prosent.*




Figur 23

*Brukar vanlegvis offentleg transport til daglegvare etter region, fordeling i prosent.*




Figur 24.

*Brukar vanlegvis sykkel til fritidsaktivitetar etter region, fordeling i prosent.*




Figur 25.

*Brukar vanlegvis sykkel til offentlege tenester og kjøpesenter etter region, fordeling i prosent.*




Figur 26.

*Brukar vanlegvis sykkel til daglegvare etter region, fordeling i prosent.*




Figur 27.

*Går vanlegvis til fritidsaktivitetar etter region, fordeling i prosent.*




Figur 28.

*Går vanlegvis til offentlege tenester og kjøpesenter etter region, fordeling i prosent.*




Figur 29.

*Går vanlegvis til daglegvare etter region, fordeling i prosent.*




Figur 30.

*Gjer vanlegvis fritidsaktivitetar digitalt/heimanfrå etter region, fordeling i prosent.*




Figur 31.

*Brakar vanlegvis offentlege tenester og handlar varer\* digitalt/ heimanfrå etter region, fordeling i prosent. (\*i spørjeskjema formulert som "kjøpesenter")*



Figur 32.

*Kjøper vanlegvis daglegvarer digitalt/ heimanfrå etter region, fordeling i prosent.*



Utgitt av Folkehelseinstituttet

Mars 2023

Postboks 4404 Nydalen

NO-0403 Oslo

Telefon: 21 07 70 00

Rapporten kan lastes ned gratis fra

Folkehelseinstituttets nettsider

[www.fhi.no](http://www.fhi.no)